

Jakta på dei døde frå Borgund

Då arkeologane gjekk i jorda i Borgundgavlen utanfor Ålesund på 1950-talet, var det første gong vanlege mellomaldermenneske sin busetnad vart undersøkt arkeologisk i Noreg. I ruinane av den øydelagde småbyen Borgund fann arkeologane svært mykje, og dei samla inn ‘alt’ – på ulike måtar. No, snart 70 år seinare, grev vi fram dei arkeologiske kjeldene på nytt frå magasin og arkiv i samband med det nye forskingsprosjektet om Borgund. Då dukkar det også opp merkelege funn som ikkje alltid gir meining ved første augekast. Eitt av desse er avstøypingar av det som ein gong var menneskegraver frå mellomalderen.

THERESE NESSET, KATHARINA
LORVIK OG GITTE HANSEN




Fig. 1 | Katharina held ei gravavstøyping av ei barnegrav. Foto: Gitte Hansen.

Det arkeologiske og tverrfaglege forskingsprosjektet BorgundKaupangProsjektet (sjå faktaboks s. 73) skal systematisere, kuratere og forske på det omfattande kjeldematerialet frå Borgundkaupangen på Sunnmøre. Borgund ligg om lag 5 kilometer aust for Ålesund sentrum og må ikkje forvekslast med Borgund i Lærdal med si kjende stavkyrkje.

I Borgundgavlen ligg Sunnmøre Museum, og sør for hovudbygningen – på Prestegårdsjordet – ligg Middelaldermuseet som er ein del av Sunnmøre Museum. Prestegårdsjordet er eit graskledd flatmarksområde mellom Katavågen, Klokkarsundet og Borgundfjorden. Middelaldermuseet husar fundamenta av nokre av bygningane som ein gong utgjorde delar av byen Borgund.

I BorgundKaupangProsjektet skal mellomalderbyen fram i lyset. Det er eit nytt forskingsprosjekt som tek føre seg materiale frå gamle utgravingar. I prosjektet studerer vi livet til menneska som hadde sine gjeremål i den vesle byen frå slutten av vikingtida og dei neste 500 åra. Borgund er kjend frå sagalitteraturen som ein stad viktige menneske vitja ved høve, og er nemnt i seinare skriftlege mellomalderkjelder. Dei seinare kjeldene fortel mellom anna om tre eller fire kyrkjer som stod her, og Borgund var kjend i tidleg nytid som ein

Fig. 2 | Noreg si første mellomalderarkeologiske utgraving var i Borgund. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.







Fig. 3 | Ruinane etter mellomaldermenneska sine hus og heimar vart gravne fram. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen

viktig kyrkjestad. Sjølve byen vart lagd øyde ein gong i slutten av mellomalderen, og restane etter bygningar, vegar og hamneanlegg ligg i dag under grastorva i Borgundgavlen.

Den tidlegaste arkeologiske undersøkinga i Borgund vart gjort alt i 1912 av ruinane til Margareta kyrkja som i dag ligg delvis avdekt utanfor Middelaldermuseet. Den neste arkeologiske undersøkinga var i 1940 då arkeolog Per Fett frå Historisk museum (i dag Universitetsmuseet i Bergen) vart tilkalla for å undersøke nokre bygningsrestar som dukka opp i ei grøft på Prestegårdsjordet. Men det var først seinare, i 1953, at arkeologar for alvor byrja å interessere seg fagleg for det som låg under jorda i Borgund. Dette året hadde ein planar om å bruke ein del av Prestegårdsjordet til utviding av kyrkjegarden til dagens kyrkje. Då vart først ingeniør Cato Enger og deretter kunsthistorikar Bernt Lange frå Riksantikvaren sende til Borgundgavlen for å undersøke arkeologiske kjelder som dukka opp under førearbeidet. Etter kvart skjønnte ein omfanget av det som låg under jorda, og i juli året etter vart arkeolog Asbjørn E. Herteig, Historisk Museum i Bergen, fagleg leiar av dei arkeologiske utgravingane i Borgund.



Utgravingane gjekk føre seg over fleire sesongar. Frå 1953 vart det grave ut kvar sommarsesong til og med 1964 på Prestegårdsjordet mot Klokkarsundet (Søndre felt), og 1965–1967 i vika ned mot Katavågen (Nordre felt). Deretter har det vore utgravingar i 1971, 1973, 1975, 1980–1983 og 1990. I 2013 utførte Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) ei undersøking med georadar. Dei seinaste arkeologiske undersøkingane i Borgund var i 2014 då Universitetsmuseet hadde ei mindre undersøking ved Søndre felt og

Fig. 4 | Sommaridyll på utgravinga på 1950-talet. Foto: Egill Reimers d.y.

Fig. 5 | Utgravinga av strandkanten ved Katavågen i 1967. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.





Fig. 6 | Asbjørn E. Herteig leia utgravingane frå 1954 til 1980-talet. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.

Fig. 7 | Året er 2020 og Gitte grev fram kjelder frå Borgund i Universitetsmuseet sitt magasin. Foto: Therese Nesset.



Bergens sjøfartsmuseum ei marinarkeologisk undersøking i Katavågen. Det har til saman vore 32 år med feltsesongar på staden.

Året etter at Herteig starta sitt engasjement i Borgund, brann Bryggen i Bergen. Herteig vart tilkalla, og mellomalderbyen som dukka opp i brannruinane på Bryggen tok mykje av tida og merksemda til mellomalderarkeologane i tiåra som følgde. Likevel, nokre månader kvar sommar kunne arkeologar som arbeidde på Bryggen, reise til Borgund. Christopher Harris, pensjonert fyrstearkivar ved Statsarkivet i Bergen, jobba på utgravingane på 1960-talet. Han har fortalt at opphaldet i Borgund nesten var som ein sommarferie for feltmannskapet på Bryggen-utgravingane. Han omtalar feltoppghaldet her som ei kjekk oppleving med avslappa stemning i fin natur og ikkje minst frisk luft.

Gjennom dei mange åra med feltsesongar har det kome fram eit omfattande arkeologisk kjeldemateriale frå Borgund-gavlen. Mesteparten vart grave fram frå 1954 til byrjinga av 1980-talet. Dette var mellomalderarkeologien sin barndom som fagdisiplin. Asbjørn E. Herteig var svært nytenkande. Han ynskte å studere dei vanlege mellomaldermenneska sine bustadar og aktivitetar gjennom det arkeologiske kjeldematerialet. I Borgund er til saman 5300 kvadratmeter undersøkte. Ein har funne restane etter kyrkjer, to gravplassar; éin ved ruinen av Margareta kyrkja i Søndre felt, og ein som vart avdekt i ei helling ned mot Katavågen i Nordre felt (sjå kart i Faktaboks s. 73). I tillegg til kyrkjer og gravplassar vart det avdekt omfattande spor etter bygningar, ferdselsårer og hamneanlegg frå ulike periodar av busetnad. Heile 45.000 arkeologiske gjenstandsfunn og eit like stort materiale av menneske- og dyrebein vart samla inn frå Søndre og Nordre felt, der hovudmengda er frå Søndre felt. Noko av gjenstandsmaterialet er utstilt på Middelaldermuseet, medan resten ligg i Bergen i magasin til Universitetsmuseet. I Universitetsmuseet sitt arkiv ligg òg 1200 originale dokumentasjonsteikningar over utgravingsfelta, fleire tusen sider med rapportar, dagboknotat og foto frå utgravingane. Mykje av dette materialet er òg tilgjengeleg i Riksantikvaren sitt digitale arkiv. Dette er det største mellomalderarkeologiske funnmaterialet i Noreg utanfor dei store byane. Saman med skriftlege mellomalderkjelder utgjer dette datagrunnlaget for BorgundKaupangProsjektet.

Frå feltarbeid i Borgund til feltarbeid i magasin og arkiv
På 1960- og tidleg 1970-talet vart det forska på enkelte kjel-

dekategoriar frå Borgund, særleg sko og kleberkar. Dette var nybrottsarbeid for vidare forskning på desse gjenstandskategoriene og blant det tidlegaste i Noreg på funn av kvardagsgjenstandar frå mellomalderen. Seinare har også fiskereiskapar frå Borgund blitt studerte. Elles er det gjort lite forskning på det omfattande kjeldematerialet som er grave fram i Borgund.

Ettersom kjeldematerialet i liten grad er systematisert og vitskapleg kuratert fram til no, er dette ein grunnleggjande del av den første fasen av Borgund-prosjektet. Dette er nesten som eit feltarbeid i museet sine magasin og arkiv, der vi arbeider med innsamling av data ved å studere dei gamle arkeologiske funna. Vi digitaliserer dokumentasjonsmaterialet, daterer ulike fasar av busetnadsperioden, og kartfestar alle strukturar slik at datagrunnlaget kan nyttast som utgangspunkt for vidare analyse og forskning. Kjeldematerialet vert klassifisert på nytt av forskarar som er med i prosjektet, og på den måten vert kvaliteten på det arkeologiske kjeldematerialet heva. Når Borgund-prosjektet er avslutta, skal alle dei nye opplysningane om det arkeologiske materialet gjerast tilgjengeleg for alle og slik danne grunnlag for vidare forskning og formidling.

Museale gjenstandar og ‘fødselsnummer’

Under utgravingane i Borgund vart det samla inn gjenstandar og ‘prøver’ av ulike typar materiale på nye måtar og i heilt anna omfang enn tidlegare. Ein stor del av dette kjeldematerialet kom til museet i Bergen. Her fekk kvar gjenstand eit tilvekstnummer og vart protokollført i funnregister. Når eit funn har fått eit slikt nummer, byrjar det sitt nye liv som museumsobjekt og forskingsmateriale. Ein kan seie at tilvekstnummeret er objektet sitt unike fødselsnummer, og med dette nummeret finn museumsfolk attende til all informasjon som museet har om objektet. Slik informasjon er dels kulturhistorisk; om kva objektet er, kvar det er funne, kva tid det er frå osb., og dels er han kuratorisk; kvar er objektet lagra, er det konservert osb. Dersom eit objekt ikkje har tilvekstnummer, finst det i praksis ikkje. Dette gjeld for fleire prøver og preparat som var samla inn frå Borgund: Dei fekk sannsynlegvis ikkje status som ‘museumsgjenstand’ då dei kom inn til museet, og fekk difor ikkje tilvekstnummer og plass i ordinære samlingar og system. Slike gjenstandar utan tilvekstnummer skapar store problem når vi skal forsøke å finne dei i samlingane!

Då noverande leiar for BorgundKaupangProsjektet, Gitte Hansen, var student på 1990-talet gav arkeolog Arne J. Larsen, som var med på utgravingane i Borgund, ei omvising




Fig. 8 | På 1990-talet, før “avvikling av dei mellom- belse magasin”, låg mellomaldersamlinga på fleire mørke loft og andre krikar og krokjar. Her er Gitte i eitt av desse. Foto: Egill Reimers d.y.

i Universitetsmuseet sine mange ‘mellombelse magasin’. På eit mørkt loft peika han på ein bunke med glasfiberflak og sa: «der ligg gravavstøypingane frå Borgund». Meir vart ikkje sagt, men det må likevel ha gjort eit visst inntrykk på Gitte. Nesten 30 år seinare då spørsmålet vart reist om mogelege restar etter menneske frå Borgund, minstest ho desse gravavstøypingane. No hadde ikkje museet lenger noko mellombelse magasin på mørke loft, og det var ikkje mogleg å finne noko informasjon om desse gravavstøypingane i funnprotokollar eller rapportar. Dei hadde aldri fått noko tilvekstnummer. Fanst desse framleis i Universitetsmuseet sine samlingar, og i så fall, kvar? Og kva var eigentleg desse gravavstøypingane?

På jakt etter døde menneske frå Borgund

BorgundKaupangProsjektet består av fleire del-prosjekt som vart utført av forskarar ved ulike institusjonar og frå ulike land. Eitt av del-prosjekta er “Fragments of life stories”. Her tek Katharina Lorvik ved Norsk institutt for kulturminne- forskning (NIKU) utgangspunkt i alt gravmaterialet som vart samla inn og dokumentert på dei to mellomaldergravplas- sane som vart funne i Søndre og Nordre felt. Studia koplar arkeologisk dokumentasjon av gravene, både om romleg organisering og utforminga av den einskilde grava, med opp- lysningane som finst om dei menneskelege leivningane.

Fig. 9 | Restar etter gravleggingar under golvet på Margareta kyrkja i Borgund, frå utgravinga av kyrkjeruinen i 1912. Foto: Riksantikvaren.





Fig. 10 | Utgravingsfeltet Nordre felt låg aust for Borgund kyrkje. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.

Både grava og skjelettmaterialet som er bevart, er viktige brikker i denne samanhengen.

Gravmaterialet kan gje oss eit innsyn i korleis samfunnet handsama sine døde. Gravskikken seier noko om tru og tradisjonar. Variasjon i utforminga av gravplassen og forma på gravene kan vera uttrykk for korleis samfunnet var sosialt rangert. Menneskelege leivningar er direkte spor etter folkesetnaden og ei unik kjelde til kunnskap om korleis han var sett saman. Gjennom å undersøke biologisk variasjon og endringar i skjelett og tenner er det mogleg å seie noko om einskildpersonen sitt liv. Men også meir overordna om samfunnet: var det menn, kvinner og born som vart gravlagde her? Var dei fødte og vaks opp i nærleiken eller var dei tilreisande? Kva slags levkår hadde dei? Var dei friske eller finn vi teikn på sjukdomar og dårleg helse, eller skadar etter vald? Alt dette kan fortelje oss noko om livet i byen og kven som levde der.

Ei grunnleggjande oppgåve i studia av dei døde er difor å finne opplysningar om dei i funnprotokollane og slik få eit oversyn over all dokumentasjon og kjeldemateriale som kan fortelje oss noko om menneska. Her har gravplassen frå Nordre felt gjeve oss ein del hovudbry.

Gravplassen på Nordre felt

Utgravingane i Nordre felt starta i 1965. Dagens Borgund kyrkje, som i mellomalderen heitte Peterskyrkja, ynskte å

Fig. 11 | Gravene avdekte i Nordre felt ved Katavågen stod fram som mørke silhuettar i den ljosare undergrunnen. Foto: Topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.



utvide kyrkjegarden. Under utvidingsarbeidet støtte dei på arkeologiske spor under dyrkingsjorda i den svakt hellande skråninga ned mot Katavågen. Det var no snakk om ei nødutgraving som fann stad i åra 1965–1967. Eit område på 1570 kvadratmeter vart avdekt og omfatta mellom anna gravplassen med om lag 300 graver. Gravene i Nordre felt var synlege som mørke silhuettar i den ljose undergrunnen. Dei låg relativt tett, og i fleire lag, orientert aust-vest. På bakgrunn av orienteringa og funnet av ein mynt i den eine grava datert til tidleg 1000-talet, tolka Herteig dette som ein kristen gravplass.

Kjeldematerialet frå Nordre felt er ikkje forska på tidlegare. Dokumentasjonen frå utgravinga på 1960-talet har same kvalitet som dokumentasjonen frå Søndre felt, men områda var elles svært ulike. Tidspress førte til auka bruk av maskinell fjerning av moderne dyrkingsjord i Nordre felt, og kulturlag frå mellomalderen som låg under, var langt tynnare her enn på Søndre felt. I tillegg var tilhøva for bevaring av organisk materiale, som treverk og bein, dårlegare enn det som var tilfellet for Søndre felt.

Dei mørke silhuettane representerer botnen av gravene og er så å seie dei einaste spora som er att frå gravplassen. I enkelte

av silhuettane vart det langs kantane funne restar av naglar og sterkt oppløyst treverk etter kistene. Vidare vart det ifølgje funnprotokollar og dagbøker også funne beinsubstans, tannemalje og sterkt oppløyst skjelettmateriale. Men vart dette samla inn? Det er ikkje funne noka opplysning i funnprotokollane om innsamling av beinmateriale frå gravene her. Dette skil seg frå gravplassen avdekt ved Margaretakyrkja i Søndre felt, der menneskebein vart nøye dokumenterte og tildelt tilvekstnummer. Mangelen på bevarte restar etter menneskebein frå gravplassen i Nordre felt har difor gjort det naudsynt å søke etter anna kjeldemateriale etter dei døde menneska som vart gravlagde her. Dette leia til eit detektivarbeid for å finne ut kvar gravavstøypingane var. Kanskje kunne desse fortelje oss noko om dei gravlagde her, og kan hende var dei eit preparat for å samle inn beinsubstans?

På leiting etter gravavstøypingane

Då Gitte fekk peikt ut gravavstøypingane på 1990-talet, såg ho dei ikkje godt nok sidan dei låg i ein stabel på det mørke loftet. Det var difor vanskeleg å forklare kollegaer på Universitetsmuseet og i BorgundKaupangProsjektet kva det egentleg var vi leita etter. Sjølv hadde vi ikkje sett noko som kunne likne på graver eller avstøyping av graver i Universitetsmuseet sine mellomaldermagasin.

Vi hadde byrja å miste håpet om at dei framleis låg i samlingane, heilt til ein tidleg januarmorgon i år då ein e-post frå kollega Alf Tore Hommedal kom i innboksen: «God morgon! Sjå kva eg fann i går – i hall 4!» Som vedlegg i e-posten var det tre foto av grus- og sanddekte glasfiberflak som låg på øvste hylle i eit magasin.

I stor iver reiste Gitte og Katharina til hall 4 i Universitetsmuseet sitt magasin for store gjenstandar for å sjå nærare på

Fig. 12 | Katharina ser på gravavstøypingane som ligg på øvste hylle i hall 4. Foto: Gitte Hansen.



det Alf Tore hadde funne. Og der fann dei det som måtte vere gravavstøypingane. Dette vart bekrefta av kontekstopplysningane som var skrivne på som koordinatar bak på glasfiberdukane. Dei viste til den eksakte plasseringa gravene hadde hatt i Nordre felt.

Kva er ei gravavstøyping?

Det finst ikkje informasjon om korleis gravavstøypingane er laga. Vi har leita i rapportar, i dagbøker, på gamle planskisser og vi har spurt kollegaene våre på Samlings- og konserveringsseksjonen om dei kjenner til rapportar om desse. Avstøypingane er berre så vidt nemnde i dagboka frå den avsluttande fasen av utgravinga i 1967. Her står det at det skulle bli «støypd flak av original overflate over gravene». Vi må difor basere oss på våre eigne observasjonar.

Gravavstøypingane frå Borgund ser ut som flak med glasfiberstrie med jord og småstein limt direkte på stria. Det er til saman 15 flak, og enkelte omfattar fleire silhuettar av graver som ligg tett saman. Dei fleste avstøypingane er så lange som eit vakse menneske, medan nokre er kortare og representerer graver frå born. Det var det som på 1960-talet heitte Teknisk avdeling ved dagens Universitetsmuseum som laga avstøypingane på staden i siste del av utgravinga sommaren 1967.

Vi har vore i kontakt med pensjonert teknisk konservator, Svein Ove Agdestein, for å høyre om han hugsar noko om gravavstøypingane. Svein Ove arbeidde ved Teknisk avdeling (tilsvarende dagens Samlings- og konserveringsseksjon) frå slutten av 1960-talet. Han var difor ikkje med på å lage avstøypingane frå Borgund, og hadde liten kjennskap til akkurat desse gjenstandane. Men han fortalde oss at ein på 1960-talet ofte nytta ein kombinasjon av glasfiberstrie og flytande polyester når ein skulle ta ut preparat av arkeologiske funn. Langs kanten av gravavstøypingane er ei remse med gummi eller modellkitt støypd inn, som ein truleg har lagt kring omrisset av grava ein ynskte å støype av. Deretter vart flytande polyester truleg helt over grava innanfor remsa med gummi/kitt, før ein la ein eller fleire glasfiberdukar over som massane skulle feste seg til. Når polyestere storkna, kunne ein løfte av avtrykket. Her omfattar avtrykket gravfyllet med restar av jord og stein frå gravene. Vi hadde altså restane etter 15 menneskegraver, støypd på glasfiberdukar. Vi sat att med ei undring over kva føremål dei kunne tene og kvifor dei var tekne vare på i alle desse åra.



Kvifor gravavstøypingar?

Ut i frå dagboksnotatet om gravavstøypingane, våre eigne observasjonar og Svein Ove sin fagekspertise har vi danna oss ei betre forståing av kva dei kan vere. Dette leia oss vidare til spørsmålet om kvifor. Kva var hensikta med å ta avstøyping av gravene? Heller ikkje dette er det skrive noko om i det omfattande arkivmaterialet frå Borgund. Eitt unntak er i dagboknotatet frå 1967 der det står at det vart gjort av «praktiske årsaker». Det hjelper oss lite.

Vi spurde kollegaer både ved og utanfor Universitetsmuseet, pensjonerte teknikarar og tidlegare felpersonell ved Borgund-undersøkingane, og i tillegg samarbeidspartnarane våre på Sunnmøre Museum. Kunne dei tilfeldigvis ha noko arkivmateriale som fortalde om gravavstøypingane frå Nordre felt? Også dei leita, men fann ingenting i relevante arkiv. Men ein dag i mai i år fekk vi ein ny e-post, denne gongen frå Heidi Haugene ved Sunnmøre Museum. Ho hadde funne ein korrespondanse frå 1988 som handla om noko heilt anna, men der Asbjørn E. Herteig tilfeldigvis nemner gravavstøypingane. I brevet går det fram at det i Nordre felt framleis låg 3–4 kvadratmeter med ikkje-tildekte graver det var teke avstøypingar av. Planen var den gongen å leggje avstøypingane attende på

Fig. 13 | Gravavstøypingane var merka med unike nummer og koordinatar, som har gjort det mogleg å rekonstruere lokaliseringa deira digitalt på gravfeltet i Nordre felt. Kart: Therese Nesset

opphavleg stad “slik dei vart funne”, med eit gjennomiktig overbygg i terrengnivå; altså eit kikkehol inn i fortidige Borgund. Herteig hadde heller ikkje slått frå seg tanken om at dette kunne realiserast, og dermed var avstøypingane blitt liggjande på Historisk museum dersom det skulle bli aktuelt.

Å sikre det arkeologiske materialet “slik det vart funne”, og å formidle og tolke materialet i sin opphavlege kontekst, var karakteristisk for Herteig sitt arbeid. Vi har døme på denne måten å formidle på i utstillingane av bygningsrestar i Middelaldermuseet i Borgund og i Bryggens Museum i Bergen. I dag er prinsippet om bevaring “slik det vart funne” blitt viktig i kulturminneforvaltninga av mellomalderbyane. Dersom bevaringstilhøva tillét det, skal moglegheita for langsiktig bevaring på funnstaden vurderast framfor arkeologisk undersøking. I tilfellet med gravene i Borgund var truleg formidling den primære målsettinga med å ta avstøypingar.

Grunntanken om at det arkeologiske objektet går inn i ein større samanheng heng likevel nært saman med hovudmålsettingane i BorgundKaupangProsjektet. Her har den breie, tverrfaglege tilnærminga av materialet mykje å seie for korleis vi skal forstå Borgund. Som ein stor empirisk studie har vi objektet i sentrum, men det er forståinga av den overordna konteksten – dei store samanhengane - som materialet er ein del av, som tek oss nærare menneska som levde i Borgund i mellomalderen. Gjennom gravmaterialet vert denne kontakten særleg tydeleg.

FAKTA

Gitte Hansen

Borgund Kaupang Prosjektet er et arkeologisk og tverrfaglig forskningsprosjekt som skal gi ny innsikt i livet i en småby i Europas periferi og rollen slike steder spilte på storsamfunnets scene. Prosjektet hadde oppstart i høsten 2019 og ledes fra Universitetsmuseets Avdeling for kultur.



**Borgund
Kaupang**
PROSJEKTET

Prosjektet sine hovedhypoteser er at Borgund spilte en viktig rolle for foredlingen av naturressurser fra hav, fjord og fjell. Vi spør om stedet var et viktig regionalt knutepunkt for nasjonal og internasjonal handel med norske varer. Vi spør om Borgundfolkene hadde god kjennskap til- og tok del i storsamfunnets gleder og goder. Og vi spør om de hadde gode økonomiske, kulturelle og sosiale forbindelser både lokalt og internasjonalt. For å få svar på disse spørsmålene studerer vi kildene med fokus på økonomiske, sosiale og kulturelle aspekter av produksjon og forbruk av hjemlige og eksotiske varer.

Prosjektets deltagere består av yngre og etablerte forskere og håndverkere fra fagfeltene arkeologi, geologi, biologi, historie, kunsthistorie, norrøn filologi og tekstilhåndverk. Vi skal studere hjemlige og importerte tekstiler, kjønns- og aldersrelaterte aktiviteter, hverdagsgjenstander som sko, kammer, kjøkkentøy, redskaper til ute- og innebruk, råstoffer til bygging av kirker og bolighus, Borgunds døde, eiendomsforhold, samtidens oppfattelser av forlatte byer mm. Vi skal også rekonstruere tekstiler og gamle spinne og vevemåter. Vi vil studere Borgundsamfunnet i et sammenliknende perspektiv; det som skjer i Borgund, skal sees i lyset av samtidens Norge og Europa. Prosjektet har økonomisk støtte fra Norges forskningsråd (NFR 288392) til to Ph.D.-prosjekt (se egne prosjektskisser) og naturvitenskaplige prøver. De fleste deltagere stiller ellers med lønnsmidler fra egne institusjoner.

Les mer på vår nettside:

<https://www.uib.no/fg/borgund-kaupang>



UNIVERSITY OF BERGEN



MUSEUMSENTERET
i Hordaland



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Ein bit av historia



BROWN


HAFREFFER
MUSEUM OF
ANTHROPOLOGY
NSF 1733914



NORGES
GEOLOGISKE
UNDERSØKELSE



UNIVERSITY OF ICELAND



Kart over Borgund. Kart: Therese Nesset

Se også egen presentasjon av PH.D prosjektene i BKP på side 194 og 196